



På denne turen vil me vise deg Håkonarparken, Kongsbrønnen, Rimsvarden, kulturminner i Fitjar sentrum.

During this walk we will show you Håkonarparken, (Håkon's Park), Kongsbrønnen, (the Kings Well) and Rimsvarden, (The Rim Cairn), all heritage landmarks in Fitjar.



Rute og ymse av interesse

Terreng: Asfaltert bygdeveg/litt sti.
Tid: Ca. 1 time
Parkering: Rådhusplassen – Fitjar sentrum

Turen startar i «Håkonarparken», framom Fitjar kyrkje.

Her finn ein skulpturen av Håkon Adalsteinsfostre (Håkon den Gode), som er hoggen av Anne Grimdalen og reist i 1961 til tusenårsminnet for ei av dei mest dramatiske hendingane i Noregssoga – slaget på Fitjar. Her ein stad var det at Noregs konge, Håkon den Gode, fekk banesår i striden mot Eirikssønene, truleg i året 961.

Håkon Adalsteinsfostre var i kongsgarden på Fitjar med hæren sin og heldt gjestebod med bøndene då brorsønene hans, Eirikssønene, gjekk til åtak.

Snorre fortel at kongen sat ved middagsbordet då det vart meldt at dei såg skip «sunnan til å styra». Kongen budde seg til strid og samla hæren og bøndene. Eirikssønene gjekk på land med hæren sin, og det vart ein blodig strid med stort mannefall på både sider.

Kongen vart råka av ei pil i armen og døydde seinare av skadene han fekk.

Turen går vidare langs hovudveg oppover forbi kyrkjegarden til gangfelt.

Fitjar kyrkje vart bygt i 1867. Ho er reist på tuftene til den gamle steinkyrkja som då vart riven. Steinane frå gamlekyrkja vart brukt til grunnmur i nyekyrkja og i steingarden rundt kyrkjegarden.

Route and places of interest

Terrain: Asphalt country roads, some footpaths.
Time: Approx. 1 hour
Parking: Rådhusplassen – Fitjar centre

The walk starts in "Håkonarparken", - Håkon's Park – opposite Fitjar Church.

Here you will find a sculpture of Håkon Adalsteinsfostre (Håkon the Good), sculpted by Anne Grimdalen and erected in 1961 as a thousand year commemoration monument to one of the most dramatic events in the Saga of Norway – the Battle of Fitjar. It was here that Norway's King, Håkon the Good, was mortally wounded in the battle against "Eirik's sons", probably in the year 961.

Håkon Adalsteinsfostre was at his residence in Fitjar with his army and was holding a banquet for the local farmers when his nephews - Eirik's sons – attacked...

Snorre writes that the King was seated at the banqueting table when it was heralded that a ship had been sighted, "with the sons at the helms." The King declared himself ready to do battle and gathered his army and the farmers together. His nephews came ashore with their army and a bloody battle ensued with heavy losses on both sides.

The King's arm was pierced by an arrow and he died later from his wounds.

The walk carries on along the main road past the cemetery to the pedestrian crossing.



Ein kryssar hovudvegen ved gangfeltet og fylgjer «Vodlavegen» forbi be-
dehuset til ein kjem til kongsbrønnen.

Snorre nemner Fitjar mellom dei storgardane der Harald Hårfagre ofte
held seg på sine gamle dagar. Etter Harald var sonen, Håkon en Gode,
ofte på Fitjar.

*Soga seier at kongsgarden har lege der gamletunet på Fitjargardane var,
på vollen like aust for kyrkja. Eit mogeleg minne frå den tida kan vera den
gamle brønnen som heilt fram til vår tid har funnest her, og som på folke-
munne vert kalla «Kongsbrunnen» eller «Håkonarbrunnen».*

*Brønnen har plankebotn. Over denne var det eit omfar flatøksa ospestok-
kar med rullesteinsforingar på toppen. Fire trappsteg førte ned til brøn-
nen, som var i dagleg bruk og i gammal stand, like til Helserrådet gav
pålegg om betongkum.*

Brønnen er no sikra med eit smijensgitter og brønnlokk laga av solid plank.

Ein går så attende til kyrkja og passerer kyrkjegarden på oppsida (på gang-
sti). Vidare rett fram og fylgjer vegen opp forbi Rimbareid barne- og
ungdomsskule (skulen på venstre side), til dei øverste husa. Her tek ein
av frå vegen og fylgjer merka sti opp i haugen til gravrøysa.

Rimsvarden ligg høgt og fritt med utsyn over Fitjarbygda. Dette er ei av
dei største forhistoriske gravminna som finnes i Hordaland. I fylgje tradi-
sjonen var det Kong Rim som vart gravlagt her og difor er gravhaugen
kalla «Rimsvarden».

Kring 1790 vart røysa opna. Ein kom ned på ei stor helle. Hella var lagt
som eit lok over eit firkanta, fint mura gravkammer. I gravkammeret fann
ein ein kniv og eit sverd i bronse. Kniven kom bort, men sverdet finn ein
på Historisk museum i Bergen. Den store dekkhella vart teken ned til
kyrkjegarden og brukt som gravstein over ein bonde frå Rimbareid, - 3000
år etter at ho var lagd over grava til bronsealderbonden.

Det er viktig å merke seg at gravrøysa er totalfreda og at det er forbode å
ta med stein frå røysa.

For å koma attende til bilen fylgjer ein vegen ned mot sentrum.

(Om ein vil ha ein litt lenger tur, kan ein gå vidare oppover på vegen, der
ein tok opp mot Rimsvarden. Frå toppen er det vakker utsikt over Fitjar
og øyane utanfor)

Fitjar Church was built 1867. It was raised over the site of the old stone
church that had been demolished. Stone blocks taken from the old stone
church were used as foundations for the present day church as well as for
the walling enclosing the Churchyard.

Cross the main road at the pedestrian crossing and follow "Vodlavegen"
past the Chapel and carry on until you arrive at Kongsbrønnen.

Snorre tells of Fitjar "between the great farms" where Harald Hårfagre -
Harald Fair Hair – often stayed in his later years. Harald's son, Håkon the
Good, followed in his father's footsteps and was often in Fitjar.

*The saga says that King's Farm lay were the old centre of the Fitjar Farms
was situated, on the rise due east of the Church. A likely monument from
this period is the old well, which has been here for as long as records go
back, and is known locally as King's Well or Håkon's Well.*

*The well has a timber bottom and over this a lining wall of flat-hewn
aspen trunks was raised, topped by a wall of stones forming the well head.
Four steps lead down into the well which was in daily use in its original
form until the local health authorities decreed that a concrete shaft be
installed.*

The well now has a wrought iron safety barrier and a well cap of solid
timber.

Return to the Church and walk past the cemetery at the top side (take the
footpath). Carry straight on and follow the road up to the Rimbareid Ju-
nior and Senior school (on your left), to the house at the top. Leave the
road here and take the marked trail up the hill to the burial mounds.

Rimsvarden lies high and in the open, overlooking the community and
district of Fitjar. This is one of the largest pre-historic burial sites in Hor-
daland. According to tradition, King Rim is buried here, hence the name
Rimsvarden or Rim's Cairn .

When the cairn was opened, in around 1790, a large, flat stone slab was
discovered, which had been placed as a cover over a square burial chamber.
A knife and a bronze sword were found in the chamber. The knife has
been lost but the sword can be seen in the Museum of History in Bergen.
The great cover-slab was taken down to the Church cemetery and used as
a grave stone for a farmer from Rimbareid, - 3,000 years after it was laid
over the grave of a bronze-age farmer.

Please note that the burial site is a protected national monument and it is
forbidden to take or remove any stones from the site.

To get back to your car simply follow the road down towards the town.

(If you feel like stretching your legs a little more, you can keep on up the
hill from where you turned off to get to Rimsvarden. On reaching the top
you will find magnificent views of Fitjar and the surrounding islands).

Hugs:

*Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far
fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturan er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å
mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.*

Remember:

*The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed
animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for
laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.*

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland,
Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.